

MUSIKK GJENNOM TIDENE

Fra middelalderen-vikingtid

(Norsk musikkhistorie, av Nils Grinde)

Den eventyrpregede islanske Bósa-sagaen fra 1300-tallet tillegger musikken makt både over mennesker og døde gjenstander. Spillemannen Sigurd må ha vært noe uten om det vanlige. I kap.12 fortelles det om et bryllup:

Kong Gudmund sat i høgsetet og brudgommen ved siden av han. Rørek oppvarta brudgommen. Ikkje er det sagt korleis høvdingane sat, men det er nemnt at Sigurd slo harpe for brura. Og da skålene vart innborne, slo Sigurd slik, at menn sa det knapt fanst hans like; men han brydde seg lite om det i førstninga. Kongen ba han ikkje spara seg. Og då skåla kom inn som var vigd Tor, skifte Sigurd på slaga, og det tok til å uroe seg alt som laust var, knivar, borddisker og alt som ingen heldt på; mange menn menn reiste seg fra sessane og dansa på golvet, og dette varde ei stund. Derneft kom skåla som var vigd æsene. Sigurd bytte ennå på slåttane og spela så høgt at dvergmålet (ekkoet) kvad i halla. Då sto dei opp alle som inne var, utan brudgommen, brura og kongen, og alt var i sus og dus i heile halla, og slik gikk det ei stund.

Kongen spør nå om han har fleire slåttar, og han svarar at det var ennå nokre småstubbar, men ba folk kvile først. Så sette mennene seg til å drikke. Han slo "Gygreslag", "Drømbud" og "Hjarrandeljod". Derneft kom Odins skål. Da opna Sigurd harpa. Ho var så stor at ein mann kunne stå rett inni i magen på ho. Ho var å sjå på som gull. Der tok han på seg kvite gull-broderte hanskar. Han slo slåtten som er kalla "Faldaføykar" (Faldafeykir), og da dreiv skauta av konene og leikte seg oppe under bjelkane. Alle kvinner og menn fór opp, og der var ingenting som kunne vera i ro. Når denne skåla var drukken, kom den skåla som var vigd til Frey og som skulle drikkast til slutt. Då tok Sigurd i den strengen som låg tvers over dei andre strengene, og ba kongen bu seg til "Rameslaget" (Rammislagur). Kongen kvakk så at han spratt i veret og likeså brudgommen og brura. Ingen dansa vakrarere enn dei, og dette heldt frem ei stund." (Oversatt av Magne Myhren.)